



Eide Fjordbruk AS
Bremnes Seashore AS
Ewos Innovation AS

Dato: 24.01.2017
Vår ref.: 2016/8218-16
Saksbehandlar: Endre Korsøen
Telefon: 917 64 632

Eide Fjordbruk AS, Bremnes Seashore AS og Ewos Innovation AS - Løyve til å etablere anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 26295 Langøy i Lindås kommune

Vi syner til søknad frå Eide Fjordbruk AS, Bremnes Seashore AS og Ewos Innovation AS dagsett 09.08.2016, kor det vert søkt om løyve til auka maksimalt tillaten biomasse (MTB) i eksisterande anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 26295 Langøy i Lindås kommune.

Vedtak

Eide Fjordbruk AS, org.nr. 866751242, med akvakulturløyva H-K-32, H-K-33, H-K-63, H-L-3, H-L-23, H-L-24, H-L-25, H-L-26 og H-L-27, Bremnes Seashore AS, org. nr. 836597702 med akvakulturløyva H-J-3 og H-K-40 og Ewos Innovation AS org. nr. 911501252 med akvakulturløyve H-O-5, får med dette løyve til å etablere flytande akvakulturanlegg for oppdrett av matfisk av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeaure (*Oncorhynchus mykiss*) på følgjande lokalitet i Lindås kommune:

Lokalitetsnr.	Lokalitetsnavn	Kommune	MTB
26295	Langøy	Lindås	4680 tonn

Løyve gjeld for ei anleggspllassering som vist i vedlagte kart og som har følgjande koordinatfesta posisjonar i grader og desimalminuttar (Kartdatum Euref 89/WGS84)

Midtpunkt	1	2	3	4	5	6
N 60° 46.748'	N 60°46.654'	N 60°46.647'	N 60°46.614'	N 60°46.651'	N60°46.884'	N60°46.847'
Ø 5° 09.648'	Ø 5° 09.718'	Ø 5° 09.704'	Ø 5° 09.506'	Ø 5° 09.410'	Ø 5°09.787'	Ø 5°09.883'

Lokaliteten er med dette klarert for følgjande akvakulturløyve: Eide Fjordbruk AS akvakulturløyva H-K-32, H-K-33, H-K-63, H-L-3, H-L-23, H-L-24, H-L-25, H-L-26 og H-L-27, Bremnes Seashore AS akvakulturløyva H-J-3 og H-K-40 og Ewos Innovation AS akvakulturløyve H-O-5. Kvar av løyva omfattar ein MTB på 780 tonn. For nærmare oversikt over kva lokalitetar som er godkjent for dei einskilde løyva, viser vi til akvakulturregisteret.

H-L-23, Eide Fjordbruk AS, er eit akvakulturløyve for laks til forsøks- og forskingsføremål avgrensa til 780 tonn MTB og gjeld fram til 31.12.2017.

H-O-5, Ewos Innoavtion AS, er eit akvakulturløyve for laks og aure til forsøks- og forskingsføremål avgrensa til 780 tonn MTB og gjeld fram til 01.01.2020.

Lovheimel

Løyvet er gjeve av Hordaland fylkeskommune med heimel i Lov av 17.06.2005 nr. 79 om akvakultur og Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse for akvakultur for laks, ørret og regnbueørret. Dette løyvet etter akvakulturlova inkluderer løyve etter matlova, dyrevelferdsløva, forureiningsløva og hamne- og farvannslova.

Dette løyvet erstattar tidligare vedtak om lokalitetsklarering for Langøy av 08.04.2016, 05.11.2015 og 14.09.2015.

BAKGRUNN OG SAKSGANG

Om søknaden

Eide Fjordbruk AS, Bremnes Seashore AS og Ewos Innovation AS søkte 09.08.2016 om løyve til auka maksimalt tillaten biomasse (MTB) i eksisterande anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 26295 Langøy i Lindås kommune.

Søknaden gjeld utviding av maksimalt tillaten biomasse frå 3120 tonn til 4680 tonn i eksisterande anlegg.

Godkjent anlegg består av fem frittliggende 160 m ringar på ei rekkje, som ligg rundt 130 – 650 meter frå land om lag i lengderetning nordaust – sørvest. Kvar ring ligg i ei fortøyingsramme på 100 x 100 meter på ei rekkje. Det ligg og ein fôrflåte på søraustsida av anlegget rundt 150 meter frå land. Noverande anleggspllasseringa vart godkjent etter akvakulturregelverket 19.03.2015.

Verksemda si erfaring er at lokalitet Langøy er svært godt eigna for matproduksjon og dei har oppnådd svært gode biologiske resultat på lokaliteten. Ekstremt god tilvekst, god fiskehelse og god fôrutnytting.

Tilsegn

Fiskeridirektoratet v/Kyst- og havbruksavdelinga har gjeve Ewos Innovation AS tilsegn om lenging av akvakulturløyve, H-O-5, til forskingsformål avgrensa med inntil 780 tonn MTB for 10 år i vedtak dagsett 07.09.2010. Utløpsdato er sett til 01.01.2020.

Fiskeridirektoratet v/Kyst- og havbruksavdelinga har gjeve Eide Fjordbruk AS tilsegn om akvakulturløyve til forskingsformål avgrensa med inntil 780 tonn MTB for ein periode frå og med 01.09.2013 til og med 31.12.2017 i vedtak dagsett 24.01.2013.

Høyring etter forskrift om konsekvensutgreiingar etter sektorlover

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover (FOR 2014-12-19-1758). Søknaden skal då handsamast etter § 3 i forskrifta. Såkalla vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utregreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden. Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Det vart heller ikkje reist krav om supplerande utgreiingar frå fagmyndigheitene for dei respektive kriteria i vedlegg III.

Offentleg ettersyn og kommunal handsaming

Søknaden vart kunngjort etter retningslinene og har lege ute til offentleg innsyn i Lindås kommune. Det kom ein merknad til søknaden frå Naturvernforbundet Nordhordland v/Jan Nordø.

Dei viser til at det er fleire planar om utviding av biomasse i Fensfjorden for tida, og peiker på utfordringar knytt til lakselus, rømmings- og smittefare og samla belastning av miljøgifter og organisk materiale i Fensfjorden. Det er store samla utslepp til fjordsystemet frå anna ureinande næring i tillegg til akvakulturnæringa, og det har vist seg at det er utfordringar knytt til at området er utsett for ekstremvær med påfølgjande rømminger. På bakgrunn av den totale miljøbelastninga frå avfallsvirksemder og fiskeoppdrett meiner Naturvernforbundet at grensa for fiskeoppdrett i Fensfjorden er nådd.

Lindås kommune handsama søknaden i møte i plan og miljøutval sak 148/16 den 23.11.2016, og fatta følgjande vedtak om uttale:

«Lindås kommune ber om at Hordaland fylkeskommune gjer ei totalvurdering av utslepp frå akvakultur til Fensfjorden i samband med søknad om utviding av maksimal tillaten biomasse på lokaliteten Langøy. Vidare

meiner kommunen at dagens avsette areal til produksjon ikke er stort nok til å kunne gje løyve til ei auke av maksimal biomasse med 50 %. Kommunen anbefaler difor at utviding av maksimalt tillaten biomasse ved anlegget vert gjort gjennom reguleringsplan eller akvakulturplan for delar eller heile Fensfjorden. Det er gitt dispensasjon frå kommuneplanens arealføremål til dagens plassering akvakulturanlegget. Det vert elles vist til utgreiingane i saksframlegget.»

Sektorstyresmaktene si handsaming

Kystverket Vest handsama søknaden 26.08.2016. Kystverket har ingen merknader til søknaden om utviding av biomasse, og i og med at det ikke er endringar av sjølve anlegget vert Kystverket sitt løyve av 17.03.2015 vidareført.

Fiskeridirektoratet region Vest har handsamma søknaden 19.09.2016. Fiskeridirektoratet skal gje uttale i høve til eventuelle konfliktar med fiskeriinteresser som følgje av tiltaket. Ut frå kjennskap til fiskeriinteressene og det marine miljø i området, rår Fiskeridirektoratet region Vest til at søknaden vert stetta.

Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga har handsama søknaden 04.11.2016. Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova. Med heimel i forureiningslova frå 13.03.1981 nr. 6, § 11, 16 har Fylkesmannen i Hordaland gjeve løyve til utslepp til luft og vatn for produksjon av 4680 tonn MTB matfisk av laks og aure på lokaliteten.

Mattilsynet Region Sør og Vest har handsama søknaden 11.01.2017. Saka er i hovudsak vurdert etter forskrift om etablering og utvidelse av akvakulturanlegg, zoobutikker m.m. Føremålet med forskrifta er å fremje god fiskehelse- og velferd. Mattilsynet godkjener utviding av akvakulturlokalitet 26295 Langøy til ein produksjon på 4680 tonn MTB for oppdrett av matfisk av laks og aure.

GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET

Hordaland fylkeskommune har vurdert søknaden etter lov av 17. juni 2005 nr 79 om akvakultur, og i høve til generelle vilkår for klarering av akvakulturlokalitet som er gjeve i § 30 i laksetildelingsforskrifta som seier at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom:

- a) *det er miljømessig forsvarlig;*
- b) *det er foretatt en avveining av arealinteresser, med særlig vekt på*
 - 1. *søkers behov for areal til planlagt akvakultur,*
 - 2. *alternativ bruk av området til annen akvakultur,*
 - 3. *annen bruk av området, og*
 - 4. *verneinteresser som ikke omfattes av bokstav d.*
- c) *det er gitt tillatelser som kreves etter*
 - 1. *lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattryygghet mv.,*
 - 2. *lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall,*
 - 3. *lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann.*
 - 4. *lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann, og*
 - 5. *lov 19. juni 2009 nr. 97 om dyrevelferd; og*
- d) *det ikke er i strid med*
 - 1. *vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven,*
 - 2. *vedtatte vernetiltak etter kapittel V i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold,*
 - 3. *vedtatte vernetiltak etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.*

a) miljømessig forsvarleg

Søknaden er vurdert med omsyn til biologisk mangfold, forureining av det ytre miljø og økologiske effektar.

Påverknad på omgjevnaden gjennom støy og utslepp til luft og vatn er også vurdert av Fylkesmannen i Hordaland som har gjeve utsleppsløyve til utviding av lokalitetsbiomassen etter forureiningslova.

Miljøtilstand under og i nærlona til anlegget, har vore målt gjennom MOM-undersøkingar (NS 9410). I alt er det gjennomført 3 MOM B-undersøkingar ved lokaliteten i perioden 2011-2016, og rapportar frå desse undersøkingane syner tilstand 1 og 2. Trendanalysane som er gjennomført i driftsfasa tyder på god miljøtilstand i området, og at dagens drift er innanfor miljøet si toleevne. MOM C-gransking i recipienten, syner at lokaliteten er godt eigna til oppdrettsverksemd, med gunstig habitat for gravande botndyr og gode tilhøve for vassutskifting i merdane.

Mattilsynet har forvaltningsansvaret for lakselus, dette inkluderer også eventuell påverknad av lakselus på vill laksefisk. Mattilsynet har vurdert søknaden og gjeve løyve til utviding av lokalitetsbiomasse med bakgrunn i resultata frå førre produksjonssyklus når det gjeld lakselus.

Oppdrett av laks og aure kan ha effekt på vill laksefisk gjennom rømming, spreiing av lakselus etc. Det er av stor betydning at drifta av anlegget er slik at ein unngår vesentleg påverknad på dei ville bestandane av laksefisk.

Rømming av laks og aure er oppfatta som ei uakzeptabel hending uavhengig av lokalisering. Ei etablering av anlegg på lokaliteten må følgje gjeldane standardar og anna regelverk på dette området.

Lokaliteten ligg i Fensfjorden som er eit viktig område for sjøaure. Det er viktig at verksemda prioriterer effektive tiltak mot lakselus og rømming.

Lokaliteten kjem ikkje i konflikt med trua eller sårbare artar, viltområde eller naturtypar som har eit kjent behov for særskilt beskyttelse.

Naturmangfaldslova

Ved handsaming av søknaden er sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100 §§ 8 -12 følgt i vurdering av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forsvarleg etter laksetidelingsforskrifta § 30 a.

Akvakulturlova, laksetidelingsforskrifta, NYTEK – forskrifta, IK – akvakulturforskrifta og akvakulturdriftsforskrifta sett krav til etablering og drift av akvakulturanlegg, og i dette regelverket er det krav til kunnskapsgrunnlaget før klarering av lokalitet. I den ordinære sakshandsaminga av akvakultursaker vert det kravd dokumentasjon i form av straummålingar, miljøgranskingar, kart over botntopografi, naturverdiar og biologisk mangfald, viktige lakseførande vassdrag, anleggsskisser, beredskapsplaner og dokumentasjon av selskapet sitt internkontrollsysteem. Kommunen og sektormynde vert gjeve moglegheit for å krevje supplerande utredningar. Fylkeskommunen finn at krava i akvakulturregelverket tilfredsstiller krava til opplysning av saka etter naturmangfaldlova § 8.

Søknaden har på vanleg måte etter reglane i akvakulturlova vore til handsaming hjå kommunen og sektorstyresmaktene, og det er ikkje kome opplysningar om at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst i høve til oppdrettsanlegget sin påverknad på naturmangfaldet. Det ligg og i våre vurderingar at etablering av eit matfiskanlegg er eit reversibelt tiltak. jf. § 8 Kunnskapsgrunnlaget.

Fylkeskommunen viser til vurderinga etter naturmangfaldlova § 8 og legg til grunn at det ligg føre tilstrekkelig kunnskap om verknader lokaliteten kan ha for naturmiljøet. Akvakulturloven § 10 slår fast at «Akvakultur skal etableres, drives og avvikles på en miljømessig forsvarlig måte». Vi vurderer det som å vere liten risiko for at miljøet skal bli negativt påverka av å utvide oppdrettsproduksjonen på Langøy frå 3120 tonn til 4680 tonn MTB. Saka vert sett på som tilstrekkeleg opplyst, og føre-var prinsippet vert difor ikkje tatt i bruk, jf. § 9 Føre-var prinsippet.

Den samla belastninga på naturmiljøet i Fensfjorden vert i liten grad endra. Resipientundersøking i vassførekomsten har synt at resipienten ikkje er uakseptabelt negativt påverka av oppdrettsaktiviteten i området. Vi viser og til vår vurderingar etter laksetildelingsforskrifta § 30 første ledd bokstav a krav om at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom det er miljømessig forsvarleg. Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for å avslå søknaden ut frå omsynet til det biologiske mangfaldet, økologiske effekta eller naturmiljøet, jf. § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning.

Tiltakshavar skal dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket er årsak til, dersom det ikkje er urimeleg ut i frå tiltaket og skaden sin karakter, jf. § 11 Kostnader ved forverring av miljø.

Det er eigne forskrifter som gjev krav til teknisk standard og regulerer drift av akvakulturanlegg. Det er eit ufråvikeleg krav at drifta skal vere teknisk, biologisk og miljømessig forsvarleg. Oppdrett av laks og aure kan ha effekt på vill laksefisk gjennom rømming, spreiling av lakselus etc. Det er av stor betydning at drifta av anlegget er slik at ein unngår vesentleg påverknad på dei ville stammane av laksefisk, jf. § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Vassforskrifta

Vassforskrifta gir rammer for vassforvaltninga. I samsvar med vassforskrifta skal tilstanden i alle vassførekomstar beskyttast mot forverring, forbetrast og gjenopprettast med sikte på at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand. Vassforskrifta § 12 omhandlar ny aktivitet eller nye inngrep. Lokalitet Langøy ligg i vassførekomsten Fensfjorden-Sør, som i samsvar med vann-nett har særskilt god økologisk tilstand. Det er ikkje venta at auke i lokalitetsbiomassen vil føre til at miljøtilstanden i vassførekomsten blir dårligare enn god.

Vurdering av innkomne merknader som fell inn under «miljømessig forsvarlig».

Lindås kommune ber om at Hordaland fylkeskommune gjer ei totalvurdering av utslepp frå akvakultur til Fensfjorden i samband med søknad om utviding av maksimal tillaten biomasse på lokaliteten Langøy. På bakgrunn av den totale miljøbelastninga frå avfalldsvirksemder og fiskeoppdrett meiner Naturvernforbundet at grensa for fiskeoppdrett i Fensfjorden er nådd.

Hordaland fylkeskommune viser til vurderingane over etter; laksetildelingsforskrifta § 30 a miljømessig forsvarleg, naturmangfaldlova, vassforskrifta og vedtak om utsleppsløyve til omsøkt lokalitetsbiomasse frå fylkesmannen i Hordaland, samt at rapportane som er utarbeidd viser at det ikkje er store utfordringar knytt til utviding av produksjonen på lokaliteten. Fensfjorden er ein stor djup fjord som har opning mot ope hav. Vassutskiftinga blir vurdert som svært god i dei ytre delane av fjorden. Det vert vurdert som å vere liten risiko for at miljøet skal bli uakseptabelt negativt påverka av å auke produksjonen i anlegget på Langøy. Miljøverknadene av utslepp av organisk materiale blir følgt opp med miljøgranskningar etter dei frekvensar som er gitt i gjeldande utgåve av NS 9410.

Fylkeskommunen har vurdert dei miljømessige og økologiske effektane av auka lokalitetsbiomasse, og legg til grunn at problemstillingar knytt til lakselus og forureina utslepp og effekt av utsleppa er vurdert av Mattilsynet og Fylkesmannen i deira handsaming av saka.

Hordaland fylkeskommune ser at det vil vera nyttig å få utført berekningar av Fensfjorden sin tåleevne i høve til utslepp frå oppdrettsanlegg, men meiner at dette er eit arbeid som kan gjerast i ein annan samanheng enn i samband med slutthandsaminga av denne søknaden.

b) avveging av arealinteresser

1. Søkar sitt behov for lokaliteten/arealet.

Søkar sitt behov for lokaliteten er vurdert i samband med tidlegare lokalitetsklarering.

2. Alternativ bruk av området til anna akvakultur.

Området er allereie i bruk til oppdrett av matfisk av laks og aure, og det er soleis ikkje relevant å vurdere alternativ bruk av området til annan akvakultur. Fylkeskommune kan ikkje sjå at løye kjem i konflikt med annan eksisterande eller planlagt akvakultur.

3. Anna bruk av området.

Søknaden er vurdert opp mot anna og alternativ bruk av området. Ei kvar lokalisering av akvakulturanlegg i sjø vil medføre restriksjonar i høv til fiske og ferdsel i nærlieken av anlegget. Dette gjeld generelt og ikkje spesielt for denne lokaliteten. Det er ikkje kome nye opplysningar i denne søknadsprosessen i høve til påverknad på annan bruk av området.

Kommunen sin uttale skal tilleggas stor vekt ved vurdering av søknaden. Den avsluttande søknadshandsaminga skal likevel ivareta ei heilsakleg avveging mellom næringsinteressene og andre samfunnsinteresser. Lindås kommune meiner at dagens avsette areal til produksjon ikkje er stort nok til å kunne gje løye til ei auke av maksimal biomasse med 50 %. Kommunen anbefaler difor at utviding av maksimalt tillaten biomasse ved anlegget vert gjort gjennom reguleringsplan eller akvakulturplan for delar eller heile Fensfjorden.

Med stort nok tolkar fylkeskommunen at kommunen meiner at dei fem produksjonseiningane lokaliteten er godkjent for ikkje er tilstrekkeleg areal for omsøkt lokalitetsbiomasse, og at det er behov for større areal. Med føresetnaden om at det er trøng for større areal meiner kommunen at auke i biomasse må samkjørast med auke i areal gjennom planlegging etter plan- og bygningslova.

Denne søknaden gjeld berre auke i lokalitetsbiomasse innanfor eksisterande klarert areal. Det er soleis berre dette som skal vurderast. Om noverande anlegg har kapasitet til omsøkt MTB er avhengig av fleire faktorar som t.d. fiskehelse og fiskevelferd, lokaliteten sine eigenskaper når det gjeld å ta unna utslepp, volumet til produksjonseiningane, tal utsett fisk pr. produksjonseining, vekta på fisk ved slakting m.m. Mattilsynet og Fylkesmannen har vurdert og godkjent auka MTB etter regelverket dei har ansvaret for.

Fylkeskommunen vil vidare påpeike at arealplanar skal trekke opp rammene for arealbruken til akvakultur på eit overordna nivå, og at akvakulturnæringa elles vert regulert etter sektorlovgjevinga. Ein kommune skal altså ikkje fastsette føresegner som gjeld typiske drifts- og næringsrelaterte forhold om for eksempel produksjonskapasitet, fiskevelferd, rømming og krav som gjelder lakselus eller andre biologiske faktorar. Dette er tilhøve som er regulert gjennom anna regelverk og kor ulike sektormynde har tilsynsansvar.

Fiskeridirektoratet region Vest skal gje uttale i høve til tradisjonelle fiskeriinteresser, og dei går heller ikkje imot at det vert gjeve løye til auka lokalitetsbiomase i anlegget.

Det er ikkje kome fram opplysningar om andre verneinteresser som ikkje omfatta av bokstav d i søknadsprosessen.

c) løye etter anna lovverk

Alle naudsynte løyve i samsvar med forskrifta punkt c føreligg.

Mattilsynet, Region Sør og Vest har gjeve løye til etablering av akvakulturanlegg på 4680 tonn MTB på lokaliteten er matlova og dyrevelferdslova. Løyve dagsett 11.01.2017 er vedlagt.

Kystverket Vest har gjeve løye til etableringa etter havne- og farvannslova. Løyve dagsett 17.03.2015 er vedlagt.

Fylkesmannen i Hordaland har handsama søknaden etter forureiningslova og gjeve utsleppsløye på den omsøkte lokaliteten. Utsleppsløye dagsett 04.11.2016 er vedlagt.

d) tiltaket skal ikkje vere i strid med:

1. Vedtatt arealplan etter plan og bygningslova.

Det står fleire stader i søknaden at anleggspllasseringa ligg i akvakulturområde i kommuneplanen for Lindås frå 2011. Den nordaustlegaste delen av merdanleggsettet ligg utafor areal avsett til akvakultur i arealplanen. Lindås kommune har imidlertid den 04.03.2015 gjort vedtak om dispensasjon for anlegget slik det ligg no.

2. Vedtatt vernetiltak etter naturmangfaldlova.

Tiltaket er ikkje i strid med vedtatt vernetiltak etter naturmangfaldlova.

3. Vedtatt vernetiltak kulturminnelova.

Det føreligg ingen informasjon om at tiltaket er i strid med vedtatt vernetiltak etter kulturminnelova.

Ein kan likevel ikkje sjå vekk frå at det finns kulturminne i området, og fylkeskommunen viser til kulturminnelova og meldeplikta.

Etter ei samla vurdering, etter Lov om akvakultur 17.06.2005 nr. 79, gjev Hordaland fylkeskommune Eide Fjordbruk AS, org.nr. 866751242, med akvakulturløyva H-K-32, H-K-33, H-K-63, H-L-3, H-L-23, H-L-24, H-L-25, H-L-26 og H-L-27, Bremnes Seashore AS, org. nr. 836597702 med akvakulturløyva H-J-3 og H-K-40 og Ewos Innovation AS org. nr. 911501252 med akvakulturløyva H-O-5, løyve til å etablere flytande akvakulturanlegg for oppdrett av matfisk av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeaure (*Oncorhynchus mykiss*) med inntil 4680 tonn MTB på lokalitet Langøy i Lindås kommune.

Særskilde vilkår for forsøks- og forskingsløyve H-O-5

Hordaland fylkeskommune viser til vedtak frå Fiskeridirektoratet av 07.09.2010 om lenging av Ewos Innovation AS sitt akvakulturløyve med reg. nr. H-O-5 til forsøks- og forskingsformål av matfisk av laks og aure. Lenginga vert gjeve for metodeutvikling og vekstforsøk for egne førprodukt og vert gjeve med same vilkår som før og under føresetnad av at vidareføringa ikkje kjem i konflikt med sektorlovregelverket. Utløpsdato er sett til 01.01.2020.

Særskilde vilkår for forsøks- og forskingsløyve H-L-23

Hordaland fylkeskommune viser til vedtak frå Fiskeridirektoratet av 24.01.2013 om å tildele Eide Fjordbruk AS eit akvakulturløyve til forsøks- og forskingsformål, avgrensa til 780 tonn MTB for ein periode frå og med 01.09.2013 til og med 31.12.2017.

Det er knytt følgjande særlege vilkår til forsøks- og forskingsløyve H-L-23:

- Forsøksbiomassen skal nyttast i samsvar med prosjektskildringa i søknaden, dvs til forsøk som omhandlar uttesting av triploid laks i storskala under kommersielle forhold.
- AquaGen AS og Havforskningsinstituttet skal ha det faglege ansvaret for forsøka i akvakulturløyve.
- Resultata frå forsøksverksemda skal være allment tilgjengeleg. Årleg forsøksrapportering skal utførast på standardiserte skjema (www.fiskeridir.no) og sendast til Fiskeridirektoratet si kyst- og havbruksavdeling innan 15. februar påfølgjande år. Det skal vidare sendast sluttrapport når prosjektet er fullført.
- Innehavar av løyva skal ha det faktiske og merkantile ansvaret for fisken i akvakulturløyve.
- All fisk som vert sett ut i akvakulturløyve skal inngå i godkjente forsøk, og ved avslutning av forsøk må fisken slaktast/seljast.
- Vilkår i laksetildelingsforskrifta som ligg til grunn for tildeling av akvakulturløyva til forsøks- og forskingsføremål må være oppfylt også i driftsfasen.

Generelle vilkår

- Anlegget skal ligge i samsvar med vedlagte kart og anleggsskisser og i samsvar med godkjente koordinatar for anlegget sine ytterpunkt.
- Løyve vert gitt utan ansvar til nabo-, eigedom-eller andre privatrettslege forhold.

- Løyve vert gjeve med føresetnad av at etablering, drift og eventuell avvikling vert gjennomført i samsvar med til ein kvar tid gjeldande lover, forskrifter og vilkår.
- Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle medarbeidarar på anlegget og for alle som har kontrollrett.

Som konsesjonsinnehavar har De plikt til å sette Dykk inn i det regelverket som gjeld for løyver etter Akvakulturlova. Akvakulturloven med tilhøyrande forskrifter er tilgjengeleg på www.lovdata.no.

Anna

Hordaland fylkeskommune viser til kravet i § 35 i forskrift av 17.06.2008 nr. 822 om drift av akvakulturanlegg når det gjeld miljøovervaking og rapportering av miljøundersøkingar til myndighetene. Vi ber om at miljøundersøkingar blir sendt til myndighetene via Altinn.

Når det gjeld drift av løyve, viser vi til forskrift 17.06.2008 nr. 288 om drift av akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskrifta) og forskrift av 19.3.2004 nr. 537 om internkontroll for å oppfylle akvakulturlovgivinga.

Klagerett

Vedtaket kan klagast på av saka sine partar eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet underretninga om avgjerda er komen fram til vedkomande part, sjå om dette i vedlagt orientering. Eventuell klage skal sendast til Hordaland fylkeskommune.

I medhald av forvaltningsloven § 27b er det sett som vilkår for å gå til søksmål at ein har nytta retten til å klage fullt ut. Merk at ei klage ikkje fører til iverksetting av vedtaket. Det er likevel mogleg å söke om at iverksetting vert utsatt til klagesaka er avgjort.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Dag Sondbø
seksjonssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:

Utsleppsløyve frå Fylkesmannen i Hordaland 04.11.2016

Uttale frå Mattilsynet Sør og Vest 17.01.2017

Løyve frå Kystverket Vest 26.08.2016 og 17.03.2015

Kart over godkjent plassering

Klageskjema

Kopi:

Fylkesmannen i Hordaland

Fiskeridirektoratet Region Vest


Mattilsynet avdeling Sør og Vest

Kystverket Vest


Lindås kommune

Naturvernforbundet Nordhordland v/Jan Nordø, Hoplandsvegen 74, 5943 Austrheim


Lokalitet 26296 Langøy



26295 Langøy - Klarerte ytterpunkt



Målestokk: 1:10 000



Punkt/Line	START		SLUTT	
	Breddegr.	Lengdegr.	Breddegr.	Lengdegr.
Fiskeridir.	60°46,674 N	5°09,560 Ø		
Midtpunkt	60°46,748 N	5°09,648 Ø		
NV	60°46,884 N	5°09,787 Ø		
NØ	60°46,847 N	5°09,883 Ø		
SØ	60°46,614 N	5°09,506 Ø		
SV	60°46,651 N	5°09,410 Ø		
V1	60°46,651 N	5°09,410 Ø	60°46,789 N	5°09,069 Ø
V2	60°46,698 N	5°09,485 Ø	60°46,999 N	5°08,683 Ø
V3	60°46,745 N	5°09,562 Ø	60°47,202 N	5°08,368 Ø
V4	60°46,792 N	5°09,637 Ø	60°47,240 N	5°08,454 Ø
V5	60°46,839 N	5°09,713 Ø	60°47,295 N	5°08,512 Ø
V6	60°46,884 N	5°09,787 Ø	60°47,335 N	5°08,592 Ø
N1	60°46,884 N	5°09,787 Ø	60°47,272 N	5°10,401 Ø
N2	60°46,884 N	5°09,787 Ø	60°47,263 N	5°10,439 Ø
N3	60°46,847 N	5°09,883 Ø	60°47,246 N	5°10,485 Ø
N4	60°46,847 N	5°09,883 Ø	60°47,235 N	5°10,508 Ø
Ø1	60°46,847 N	5°09,883 Ø	60°46,572 N	5°10,676 Ø
Ø2	60°46,802 N	5°09,808 Ø	60°46,552 N	5°10,460 Ø
Ø3	60°46,755 N	5°09,733 Ø	60°46,553 N	5°10,280 Ø
Ø4	60°46,708 N	5°09,657 Ø	60°46,559 N	5°10,024 Ø
Ø5	60°46,661 N	5°09,581 Ø	60°46,556 N	5°09,847 Ø
Ø6	60°46,614 N	5°09,506 Ø	60°46,531 N	5°09,691 Ø
S1	60°46,614 N	5°09,506 Ø	60°46,570 N	5°09,441 Ø
S2	60°46,614 N	5°09,506 Ø	60°46,572 N	5°09,433 Ø
S3	60°46,651 N	5°09,410 Ø	60°46,640 N	5°09,339 Ø
S4	60°46,651 N	5°09,410 Ø	60°46,606 N	5°09,332 Ø
Flåte				
Midtpunkt	60°46,656 N	5°09,701 Ø		
NV	60°46,659 N	5°09,681 Ø		
NØ	60°46,666 N	5°09,696 Ø		
SØ	60°46,654 N	5°09,718 Ø		
SV	60°46,647 N	5°09,704 Ø		
F.N1	60°46,659 N	5°09,681 Ø	60°46,711 N	5°09,307 Ø
F.N2	60°46,666 N	5°09,696 Ø	60°46,994 N	5°09,203 Ø
F.Ø1	60°46,666 N	5°09,696 Ø	60°47,094 N	5°10,368 Ø
F.Ø2	60°46,654 N	5°09,718 Ø	60°46,973 N	5°10,679 Ø
F.S1	60°46,654 N	5°09,718 Ø	60°46,571 N	5°10,042 Ø
F.S2	60°46,647 N	5°09,704 Ø	60°46,519 N	5°09,774 Ø
F.V1	60°46,647 N	5°09,704 Ø	60°46,511 N	5°09,602 Ø
F.V2	60°46,659 N	5°09,681 Ø	60°46,611 N	5°09,483 Ø

(1) Sendar (stemplet til forvalningsorganet) Hordaland fylkeskommune Agnes Mowinckels gate 5 PB 7900 5020 BERGEN	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet) 24.01.2017
(3) Mottakar (namn og adresse) Eide Fjordbruk AS, Bremnes Seashore AS, Ewos Innovation AS	(4) Klageinstans Fiskeridirektoratet
<p>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</p> <p>Klagerett De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p>Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p> <p>Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgi datoен for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p>Rett til å krevjegrundgjeving Dersom De meiner at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngjevinga.</p> <p>Innhaldet i klaga De må presisere <ul style="list-style-type: none"> - kva for eit vedtak De klagar på - årsaka til at De klagar - den eller dei endringar De ønskjer - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast.</p> <p>Utsettjing av gjennomføringa av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjord.</p> <p>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p>Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p>Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltinga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltinga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltinga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjord i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	
Særlege opplysningar	

X-0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve